

Utgreiing av Sauda som fortsatt eigen kommune



Sauda 25. januar 2016

Innleiing

Som ein del av pålegget frå regjeringa, om å utgreia framtidig kommune struktur, har me laga ein rapport som synleggjer utfordringar og føremoner om Sauda vel å fortsetta som eigen kommune.

Rapporten syner at me vil få utfordringar, samstundes veit me ikkje heilt korleis den endelege oppgåvefordelinga mellom nivå i forvaltninga vert. Regjeringa har gitt nokre fleire oppgåver til kommunane, men med bakgrunn i den politiske debatten ser det ikkje ut som endeleg ord er sagt når det gjeld oppgåvefordeling. Det ser samstundes ut til å vera fleirtall for er at Norge skal ha tre forvaltningsnivå. Storleik på mellomnivået er det debatt om. Det kan ha stor innverknad på oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå om t.d. fylkeskommunane vert samla til større regionar.

Det er heller ikkje klart korleis inntektssystemet for kommunane vert. Det kan sjå ut som om kommunar som vel å være små eller såkalla «frivilljuge små» mister ein del inntekter. I tillegg er skattesystemet foreslått endra.

Sauda kommune har gode inntekter, samstundes har med store utgifter som følgje av vald struktur på tenester og i det heile gode tilbod til innbyggjarane. Inntekter er viktig for å sikre tenestane, like viktig er kompetanse. Å sikra kompetanse er ofte avhengig av kompetanse miljø, i Sauda er dette ein utfordring i dag og vil ikkje bli mindre.

Det er ikkje slik at ved å gå inn i ein storkommune så vil alle desse utfordringane vera løyst, men totalt vil ein storkommune sitja igjen med betre inntekter. Det vil og vera lettare å sikra seg kompetanse. Samstundes ligg Sauda for seg sjølv her innerst i fjorden, det er ein time i bil før me er i Ølen, Sand og enda lenger til Etne og Akسدal.

Sjølv om me har kulturell identitet til Ryfylke og Haugalandet er det identiteten som «saudabu» som pregar folk og lokalmiljø. Det er forskjellar i kultur og identitet mellom Sauda og nabokommunane. Dette er viktig å ta omsyn til anten vi skal slå oss saman med andre eller fortsetja med å vera Sauda som eigen kommune.

Det er vanskelig å vite kva som skal vera med eller ikkje vera med i ein slik rapport. Om politikarar eller andre ønsker andre opplysningar er det berre å ta kontakt så vil me prøva å finne tak i svara.

*Wictor Juul
rådmann*

1 Innhald

| | | |
|-------|---|----|
| 1 | Nasjonale føringar | 10 |
| 2 | Sauda i dag og om 20 år | 10 |
| 2.1 | Innleiing | 10 |
| 2.2 | Befolkningsutvikling | 10 |
| 2.3 | Arbeidsmarknaden | 12 |
| 2.4 | Sannsynleg økonomisk utvikling gitt signala som er i dag | 14 |
| 2.5 | Tenestebehov i åra framover | 16 |
| 2.6 | Oppgåver som kommunen har i dag og som han vil få – kva krev desse? | 17 |
| 2.7 | Interkommunalt samarbeid | 18 |
| 2.8 | Oppsummering Sauda i dag og om 20 år | 18 |
| 3 | Kommunen si rolle | 19 |
| 3.1 | Kommunen som tenesteytar | 19 |
| 3.1.1 | Leiarundersøking | 19 |
| 3.1.2 | Er innbyggerane nøgde med dei kommunale tenestene? | 19 |
| 3.1.3 | Kartlegging gjennomført av Haugaland Vekst regionråd | 20 |
| 3.2 | Kommunen som utøvar av mynde (lovforvaltar) | 20 |
| 3.2.1 | Leiarundersøkinga | 20 |
| 3.2.2 | Kartlegging gjennomført av Haugaland Vekst regionråd | 21 |
| 3.2.3 | Kapasitet og kompetanse | 21 |
| 3.2.4 | Distanse og habilitet | 21 |
| 3.3 | Kommunen som samfunnsutviklar | 22 |
| 3.3.1 | Omstilling og næringsliv | 22 |
| 3.3.3 | Leiarundersøkinga | 23 |
| 3.3.4 | Kartlegging gjennomført av Haugaland Vekst regionråd | 23 |
| 3.3.5 | Pendling | 23 |
| 3.3.6 | Samhandling med lag og organisasjonar | 23 |
| 3.4 | Kommunen som demokratisk arena | 24 |
| 3.4.1 | Politisk organisering i Sauda | 24 |
| 3.4.2 | Valdeltaking | 24 |
| 3.4.3 | Identitet og tilhøyrse | 25 |
| 3.4.4 | Kartlegging gjennomført av Haugaland Vekst regionråd | 25 |
| 3.5 | Oppsummering kommunen si rolle | 25 |

| | | |
|-------|--|----|
| 4 | Utfordringar ved å fortsetja som eigen kommune | 27 |
| 4.1 | Sentrale utfordringar | 27 |
| 4.2 | Kompetanse som må kjøpast eller hentast gjennom interkommunalt samarbeid | 28 |
| 4.3 | Samferdsle..... | 28 |
| 4.4 | Tilpassing av tenestene til økonomien | 29 |
| 4.5 | Oppsummering ved å fortsetja som eigen kommune..... | 29 |
| 5 | Utfordringar ved å gå inn i eit større kommunefelleskap | 30 |
| 5.1 | Innleiing | 30 |
| 5.2 | Interkommunalt samarbeid som alternativ til kommunesamanslåing..... | 30 |
| 5.3 | Geografi og avstandar | 31 |
| 5.4 | Demokrati og nærleik til politikarar | 31 |
| 5.5 | Sentralisering av tenester | 32 |
| 5.6 | Oppsummering av utfordringar med å gå inn i eit større kommunefelleskap..... | 32 |
| 6 | Grensejustering mot Suldal kommune..... | 33 |
| 6.1 | Innleiing..... | 33 |
| 6.2 | Om Hylsfjorden | 33 |
| 6.2 | Kva vil ei grensejustering av Hylsfjorden bety..... | 34 |
| 6.2.1 | Økonomi..... | 34 |
| 6.2.2 | Tenestetilbodet | 35 |
| 6.2.3 | Oppsummering..... | 35 |
| 7 | Samla vurdering av Sauda som eigen kommune | 36 |
| 7.1 | Innleiing..... | 36 |
| 7.2 | Ekspertutvalet sine kriterier | 36 |
| 7.3 | Tenesteprodusent | 37 |
| 7.4 | Utøving av mynde | 39 |
| 7.5 | Samfunnsutvikling..... | 39 |
| 7.6 | Lokalpolitisk arena..... | 40 |

Forord

Ny kommunereform er bakgrunnen for utgreiinga som ligg føre. Kommunestyret i Sauda har vedtatt at det skal lagast ei utgreiing der Sauda fortsatt står som eigen kommune og i tillegg ei utgreiing der ein slår saman Sauda, Suldal, Etne og Vindafjord.

Utgreiinga drøftar utfordringar ved kommunegrensene slik dei er i dag, og om ein ny kommune med rundt 21 000 innbyggjarar kan gje muligheter for å møte utfordringane i regionen på ein betre måte enn i dag.

Utgreiinga for Sauda og den for alle fire kommunane må sjåast i ein samanheng. For å unngå mykje av den same teksten i begge dokumenta, er alt som er likt, eller der ein samanliknar statistikk mm. Lagt til den samla rapporten for alle fire kommunane. Heretter blir desse kalla VESS-kommunane (Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal).

I kommunereforma er det lagt opp til at ein skal vurdere grensejusteringar i samband med reformarbeidet. For Sauda sin del gjeld det grensa mellom Sauda og Suldal, altså Hylsfjorden med bygdene som ligg der.

Foto: Rune Håheimsnes

Sauda 25.1. 2016

Samandrag

Bakgrunn og problemstillingar

Stortingsfleirtalet og regjeringa vil gjennomføra ei kommunereform og har to hovudgrunngevingar for dette. Behovet for meir kompetanse og kapasitet i kommunane og kommunar som i større grad svarer på samfunnsutfordringane i kommuneoverskridande bu - og arbeidsmarknadsregionar.

Sauda kommune – historikk

Kommunalt sjølvstyre blei innført ved Formannskapslovane frå 14. januar 1837. Det skulle vera eit formannskap og eit representantskap og medlemmene skulle veljast ved særskilt val. Rogaland fylke hadde 27 kommunar i 1838 og 26 i dag.

Det var prestegjelda og sokna som vart tekne som utgangspunkt då grensene for dei nye herada (kommunane) skulle fastsetjast. 1. august 1837 gjorde futen i Rogaland kjend valresultatet i sitt distrikt. Sauda skulle vera saman med Suldal om den kommunale administrasjonen, og val for begge sokna vart halde på tingstaden Jelsa 3. oktober. Valet vart styrt av futen og to lagrettemenn og lensmannen var og til stades. Frå Sauda møtte 21 røysteføre menn og avrøystinga gjekk føre seg etter opprop. Suldølane fekk fleirtal i det første heradstyret og med det ordføraren. Etter kvart viste ordninga med Sauda og Suldal seg tungvint og særleg samferdselstilhøva var vanskelege. For ein heiabonde i Sauda var det langt å reisa til Suldal for å delta i heradstyret og arbeidet på garden var kanskje viktigare. I tillegg var det problem med presteskapet som mange meinte burde vera sterkare til stades i Sauda. Amtmannen imøtekom etter kvart bøna frå Sauda om eit eige herad og det blei oppretta eit nytt distrikt med Sauda og nokre gardar i Hylsfjorden. Grunnen til at desse gardane vart med var at det var behov for fleire «skriveføre og rettskafne menn» enn det dei fann i Sauda. Dei mange sandsbuane som var til stades på sommartinget i 1835, «erklærde sig eenstemmig for» at desse gardane skulle høyra til Sauda. Seinare blei Hylsfjorden del av Suldal kommune. Det første reine heradstyret i Sauda møttest 15. februar 1842 og Orm Olson Risvoll blei første ordføraren.

Kommunen som tenesteytar

Kommunen er ein stor tenesteytar med eit breitt utval av velferdstenester. Ut frå brukarundersøkingar, tal på klager, innspel frå ulike aktørar i samband med denne rapporten, eksterne tilsyn og eigenvurderingar må ein kunne sei at kommunen samla sett har tilfredsstillande kvalitet på tenestene. Samtidig kan kvaliteten vera varierende og ein ser forbettringsområder. Geografisk avstand set grenser for samarbeid med andre kommunar og ein har ikkje eit felles bu- og arbeidsmarknad ut over kommunegrensa. Eit fåtal pendlar til og frå bygda. Av utfordringar framover nemner leiarane rekruttera og behalda kompetanse, små og sårbare fagmiljø samt at det blir fleire eldre per arbeidsfør Saudabu.

Kommunen som mynde (lovforvaltar)

Kommunen utøver mynde på eit stort samfunnsområde. T.d. fattar ein vedtak om tildeling av tenester, krev inn skattar og avgifter, fordeler tilskot og gir bevillingar. Rolla som utøvar av mynde er sterkt knytt opp til rolla som tenesteleverandør, men og som samfunnsutviklar. Til dømes er utbygger og grunneigar avhengig av planverk og byggeløyve frå kommunen. Gjennom effektiv og korrekt sakshandsaming kan kommunen leggja til rette for samfunns- og næringsutvikling. Saksbehandlingstida kan vera lang, men er stort sett akseptabel, sjølv om leiarane opplever mangel på kapasitet og kompetanse (særleg juridisk). Det er lite klager og habilitetsproblema blir opplevd som små.

Kommunen som samfunnsutviklar

Sauda er ein omstillingskommune og hovudmålet er å auka folketalet i tillegg til ambisjonar om skapa aktivitetar og arrangement som gir fleire besøk til Sauda. Forstudiet til omstillingsprosjektet er klar på sine tilrådingar og m.a. på at kommunen si rolle som samfunnsutviklar må bli sterkare skal ein få til ei positiv utvikling i bygda.

Dei kommunale leiarane seier at det stort sett er nødvendig kompetanse på plass per i dag, men at rekruttering av personell, og særleg med høgare utdanning, vil vera ein av dei største utfordringane for Sauda framover. Det gjeld alle område, samt både i kommunal og privat verksemd.

Når det gjeld næringsutvikling er det bra med ledig areal og det er positivt med bulystprosjekt og næringsfond. Store geografiske avstandar set grenser t.d. for å nå sentrale knutepunkt, til kundar og samarbeidspartar og for etablering av nye arbeidsplasser.

Det er viktig å få folk til å villa leva og bu i Sauda og det kan sjå ut til at denne viljen er blitt litt større den seinare tida. Arbeidsledigheta er låg, fleire små lokale prosjekt finns, det er god utvikling rundt sentrum og vidaregåande skule spelar ei viktig rolle i lokalsamfunnet.

Det er mange lag og organisasjonar, men ein ser og slitasje i styreverv og dugnadsinnsats.

Kommunen som demokratisk arena

Kommunestyret har 19 representantar fordelt på til saman sju politiske parti. 31 % er kvinner, resten menn og det kan vera vanskeleg å rekruttera. Valdeltakinga er vanlegvis god. Folk i bygda har ein sterk identitet knytt til det livet ein lever og den bygda ein bur i.

Utfordringar med å gå inn i ein ny stor kommune

Samarbeid mellom kommunar er eit alternativ til samanslåing. Sauda kommune samarbeider med andre kommunar og instansar på fleire felt. Bakgrunn for samarbeidet er at ein har sett nytta av å bli sterkare saman enten det gjeld fagleg, administrativt eller politisk. Ulempa er eit konglomerat av samarbeidsordningar som er vanskeleg å ha kontroll og oversikt på, noko som kan vera ei demokratisk utfordring.

Store avstandar er og blir eit problem for Sauda. Ein større og sterkare ny kommune kan ha større tyng mot regionale og sentrale myndigheter og dermed auka sjansane for å få til betre vegar, tunnell til Etne og liknande nødvendige tiltak for å utvikla bygda.

Innbyggjarane kjenner politikarane i ei lita bygd som Sauda og kan lett få tak i dei. Dette nære forholdet kan i neste runde gjera det vanskeleg for lokalpolitikarane å vera ugilde og behandla sakene på ein god og rettviss måte.

Både erfaringar frå helsesamarbeidet og større utgreiingar m.a. av Telemarkforskning viser at institusjonar som skular, barnehagar og omsorgssenter og liknande i hovudsak bør bli der dei er, medan samarbeid om administrative funksjonar, spesialiserte fagtenester m.m. med fordel kan sentraliserast og effektiviserast.

Grensejustering i Hylsfjorden

Når ein ser på geografi og samferdsle er det naturleg at Hylsfjorden blir ein del av Sauda kommune. Innbyggjarane nyttar mange av service og tenestetilboda i Sauda i dag og på grunn av dei store avstandane til Suldal er det truleg at dei vil gjera det i åra framover og. Mange arbeider også i Sauda. Samstundes er røtene og identiteten til mange av innbyggjarane festa meir i Suldal enn i Sauda og bidrar nok til at dei fleste fortsatt

vil høyra til i Suldal kommune. I tillegg opplever mange av innbyggjarane i Hylsfjorden at Suldal kommune har tatt godt vare på dei noko som og bidrar til at dei framleis vil vera suldølar.

Det vil få økonomiske verknader for begge kommunane med ei grensejustering i dette området.

Samla vurdering av Sauda som fortsatt eigen kommune

Sauda kan få overført ei rekkje nye oppgåver i framtida. Samtidig slit bygda med å oppretthalda folketalet og næringsaktiviteten. Det blir stadig høgare krav til kvalitet og tenestetilbod og særleg innan omsorgssektoren blir det eit aukande behov for tenester framover. Omstilling og endring vil vera viktig for å møte ei ny tid på ein berekraftig måte. Truleg vil samarbeid på mange plan, både internt og eksternt, vera grunnlag for å lukkast. Mange av dei same utfordringane som Sauda står i er noko av bakgrunnen for kommunereforma.


Det er grunn til å tru at dei utfordringane me ser i dag vil forsterka seg i åra framover. Det betyr at å rekruttera og behalda personell med nødvendig kompetanse vil bli vanskelegare samtidig som innbyggjarane ventar seg både fleire og betre tenester frå kommunen si side. Særleg kan det bli vanskeleg å rekruttera spesialkompetanse og ein vil fortsatt slita med små kompetansemiljø.

Samferdselstilhøva er langt frå så gunstige som ein skulle ynskja for å få til den samfunnsutviklinga ein treng framover. Dette er ein av dei viktigaste sakene å få gjort noko med i åra framover. Det har vore, og vil truleg fortsatt bli, vanskeleg å få andre kommunar/instansar med på ei prioritering av vegar, bruer og tunnellar i dette området. Sauda har avgrensa makt og ressursar som ein liten kommune til å klara dette løftet sjølv om ein prøver så godt ein kan.

Viss utviklinga med stadig fleire pensjonistar og stadig færre i arbeidsfør alder fortset vil det bidra til ei framtid som ikkje er berekraftig.

Dei økonomiske vilkåra vil legga føringar for korleis desse utfordringane skal løysast. Det same vil samfunnet sin vilje og evne til omstilling og nytenking, samt samarbeid med andre gjera.

Kart over Sauda kommune



1 Nasjonale føringar

I løpet av det siste året er det komme ei mengd med nasjonale føringar for kommunereforma. Det kjem stadig nye signal og den seinare tida har spesielt økonomi vore tema. Regjeringa la fram eit forslag til nytt inntektssystem i desember 2015. I og med at desse føringane er generelle og skal gjelda for alle kommunane, er dei samla i den felles VESS-utgreiinga og inngår derfor ikkje i denne rapporten.

2 Sauda i dag og om 20 år

2.1 Innleiing

I dette kapittelet skal me sjå på den utviklinga som har vore i Sauda, kva som er status i dag, og kva me kan venta oss framover i tid. Du vil finna meir om t.d. økonomi i VESS-rapporten.


2.2 Befolkningsutvikling

Demografi

1. januar 2015 var folketalet i Sauda 4 756. Ved utgangen av 2. kvartal same år var folketalet 4 727 – ein reduksjon på 29 personar frå årsskiftet.

Figuren under viser historisk folketalsutvikling i Sauda. Me ser at utviklinga frå 50 år tilbake er negativ, med nedgang på om lag 300 personar per tiår. Utviklinga har flata ut dei siste åra. Folketalsreduksjonen har ført til endringar i alderssamansetninga. Det har vore ein reduksjon i aldersgruppa barn og unge. For aldersgruppa 0-19 sett under eitt, er reduksjonen 17 % frå 2001 og fram til i dag. Den største aldersgruppa, 20 - 66 år, var relativt stabil i denne perioden, men aldersgruppa 80-89 og 90+ har samla auka med om lag 28 % i same perioden. I økonomiplanen 2016 - 2019 går det fram at utviklinga truar Sauda som berekraftig samfunn. Me må bli fleire folk i arbeidsfør alder. Dette viser kor viktig det er å arbeida med heilskapleg samfunnsutvikling. Sauda treng:

- gode kommunale tenester
- tilgang på tomter til bustad og næring, - eit vekstkraftig næringsliv
- attraktive arbeidsplassar



Figur 2.1 Folketalsutvikling. Kjelde: SSB, økonomiplan 2016

Prognose for utviklinga framover

Statistisk Sentralbyrå har laga prognosar for folketalsutviklinga basert på faktorar som fødselsrate, dødsrate, flytting og innvandring. Dette alternativet har ein føresetnad om at det ikkje er netto innvandring. Ein kan leggja inn andre alternativ som gjer at oversikta kan sjå litt annleis ut.

Færre i arbeid for kvar pensjonist

Uansett er eit hovudtrekk at sjølv om me skulle få ei auke i befolkninga vil det bli ei utfordring at store årskull vil nå pensjonsalder dei kommande åra og at personar i arbeidsfør alder vil bli færre slik at misforholdet mellom dei vil auka for kvart år.

Figur 2.2 Aldersutvikling

| Alder | 2015 | 2020 | 2030 | 2040 | Diff. 2015-2040 | Diff. % |
|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|--------------------|-------------|
| 0 - 5 | 303 | 307 | 290 | 280 | -23 | -8 % |
| 6 - 12 | 400 | 412 | 392 | 359 | -41 | -10 % |
| 13 - 15 | 173 | 187 | 180 | 165 | -8 | -5 % |
| 16 - 1 | 261 | 212 | 241 | 231 | -30 | -11 % |
| 20 - 66 | 2745 | 2662 | 2391 | 2248 | -497 | -18 % |
| 67 - 79 | 530 | 558 | 732 | 680 | 150 | 28 % |
| 80 - 89 | 288 | 265 | 277 | 395 | 107 | 37 % |
| 90 + | 51 | 65 | 72 | 88 | 37 | 73 % |
| Sum: | 4751 | 4668 | 4575 | 4446 | -305 | -6 % |


Kjelde: SSB. Alternativ med middels fruktbarhet, middels levealder, middels innanlands mobilitet

2.3 Arbeidsmarknaden


Ein avgjerande føresetnad for busetjing og vekst i folketal er at kommunen har ein variert og sikker arbeidsmarknad som gjer at folk vel å busetta seg her.

NHO lagar årleg «KommuneNM» der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft. Grunnlaget for rangeringa er forhold ved næringslivet i kommunen, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi.

Figur 2.3 KommuneNM. Kjelde: KommuneNM 2015. (Talgrunnlaget er frå 2014) www.nho.no



Historisk utvikling: NHOs KommuneNM



Figur 2.4. Historisk utvikling. Kjelde www.nho.no

Ut frå ei samla vurdering er Suda rangert som nummer 22 i fylket og som nummer 143 i landet. Dette er ein liten nedgang frå 2010, då kommunen var plassert som nummer 134 i landet. Rogaland er eit av dei fylka som totalt sett plasserer seg svært godt. Barometeret baserer seg på data om følgjande tilhøve:

Verdiskaping og næringsliv (nyetableringar, inntektsnivå, privat sysselsetting og privat sysselsettingsvekst). Her er Suda nummer 228.

Arbeidsmarknad (sysselsettingsdel, sjukefråvær, uføre, arbeidsledige og arbeidsmarknadsintegrasjon). Her er Suda nummer 131.

Demografi (befolkningsvekst, unge i forhold til eldre i arbeidsstyrken, netto innflytting, aldring). Her er Suda nummer 209.

Kompetanse (tal på sysselsette med minst fire års høgare utdanning, sysselsette med bestått fagprøve og sysselsette med teknisk og naturvitskapleg utdanning). Her er Suda nummer 86.

Kommuneøkonomi (kommunale administrasjonsutgifter; Eigedomsskatt frå næringseigedom i gjennomsnitt per sysselsett, kommuneinntekter i forhold til utgifter, kommunens kjøp av private tenester som del av driftsutgifter og kommunal betalingsevne). Her er Suda nummer 184.

Fordeling av arbeidsplasser i Sauda

| | |
|--------------------------|---------|
| Jord/skogbruk/fiske | 1,6 % |
| Industri og olje | 19,6 % |
| Byggeverksemd | 9,4 % |
| Varehandel | 8,4 % |
| Overnatting og servering | 2,0 % |
| Offentleg administrasjon | 4,3 % |
| Undervisning | 10,8 % |
| Helse-sosial | 24,5 % |
| Tenester | 19,4 % |
| SUM | 100,0 % |
| % endring siste 3 år | -2,67 % |

Figur 2.5 Arbeidsplasser i Sauda. Kjelde: SSB, 4. kvartal 2014.

Sysselsette

2 074 personar.

Arbeidsløyse

Registrert arbeidsløyse varierer frå år til år både i Sauda og i Rogaland. Som kjent har krisen i oljenæringa ført til fleire arbeidsledige i Rogaland. Dette har forplanta seg utover i fylket og særleg til dei kommunane som har mest verksemd knytt til oljenæringa. Registrert arbeidsløyse i Sauda har vore forholdsvis låg dei siste åra, men vil venteleg auka noko.

2.4 Sannsynleg økonomisk utvikling gitt signala som er i dag

Kommunebarometeret 2015

Kommunebarometeret samanliknar landets kommunar, basert på til saman 123 nøkkeltal innan 12 ulike sektorar. Føremålet er å gi beslutningstakarar – særleg lokalpolitikarar – ei lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunen blir drifta.

Tala er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrås Kostra-database, foreløpige tall for 2014. I tillegg offentleg statistikk frå ein del andre kjelder, både andre tal frå SSB, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking.

Dette for at lokalpolitikarane skal kunna få eit oversiktleg bilde av korleis kommunen driv.


Sauda kjem ut som nr 384 totalt sett og plasserer seg med det i det i nedre del av skalaen. Innanfor dei forskjellige sektorane fordeler det seg slik:

| | | | |
|-------------------------|-----|----------------|-----|
| Grunnskule | 84 | Barnevern | 251 |
| Eldreomsorg | 29 | Økonomi | 309 |
| Kostnadsnivå | 386 | Helse | 105 |
| Sosial | 266 | Kultur | 186 |
| Miljø og ressursar | 285 | Saksbehandling | 375 |
| Vann, avløp, renovasjon | 185 | Barnehage | 269 |

Figur 2.6. Kjelde: Kommunebarometeret 2015 frå Kommunal rapport.

Driftsinntekter og driftsutgifter

Sauda kommune har gode driftsinntekter, men brukar samtidig mykje og har ganske høg lånegjeld. Sauda blir av SSB klassifisert som ein kommune med "middels bundne kostnader og høg andel frie disponible inntekter".



Figur 2.7 Kjelde: SSB, økonomiplan 2016. Nu: Norge utanom Oslo.

Ein ser at Sauda ligg godt over både Kvinesdal og landsgjennomsnittet. Både Odda og Hjelmeland ligg på eit høgare nivå.

Frie inntekter

Sauda får ein inntektsauke på omlag 10 millionar frå 2015. Dette muliggjer ikkje noko auke i budsjettet utover konsumprisindeks og lønnsauke.

Inntektsauke

Ein del andre inntekter frå staten ser ut til å auka i åra framover. Dette gjeld i første rekke midlane til integreringsarbeidet, støtte til ressurskrevjande brukarar og spesielle prosjekt.

Kraftinntekter

Ei viktig kjelde til inntekt for Sauda kommune er sal av kraft og eigedomsskatt frå kraftverk. Kraftprisane og føresetnadane for kraftindustrien vil gje føringar for utviklinga vidare.

2.5 Tenestebehov i åra framover

Ser ein på utviklinga som har vore er det grunn til å tru at behovet for tenester vil utvikla seg vidare i tråd med det som ligg i folketalsutviklinga. I det ligg at innbyggjarane stadig blir eldre, men at mange eldre klarer seg sjølv eller med lita hjelp. Endringar i form av ny teknologi, nye behandlingsmåtar, forskyvingar mellom spesialistnivået og kommunenivået vil framleis utfordra oss. I tillegg kjem faktorar som fleire flyktningar og asylsøklarar, nye samferdselsveggar, nye oppgåver og nye måtar å drifta tenestetilbodet på, til å påverka oss.

Førebygging og folkehelse

Kommunane har gjennom samhandlingsreforma og den nye folkehelselova frå 2012 fått eit større ansvar for førebyggjande arbeid i helsetenesta og folkehelsearbeid på tvers av sektorar. Kommunane har etter lova plikt til å setja i verk nødvendige tiltak for å møte folkehelseutfordringane. Formålet er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmer folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Arbeidet skal førebygga psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Arbeidet skal bidra til betre helse for den einskilde, men og til at behovet for hjelp blir utsett.

Oppvekst

Grunnskulen har dei siste åra auka merksemda mot kvalitet og læringsutbyte for elevane. Gjennom deltaking i internasjonale undersøkingar som TIMMS og PISA har resultat på tvers av land blitt viktigare for å vurdere kvaliteten i den norske skulen. Kunnskapsløftet som blei innført i skuleåret 2006 – 2007 har m.a. gjort at utbyte av opplæringa er blitt sterkare vektlagt.

Full barnehagedekning er eit mål for kommunane og i Sundvolden-plattformen kjem det fram at regjeringa vil innføra bemanningsnormer i barnehagane innan 2020.

Helse og omsorg

Under føresetnad av at talet på innbyggjarar utviklar seg i tråd med figur 2.2, er det grunn for å tru at behovet for helse – og omsorgstenester vil auka. Ein ser og ein tendens til at folk vil bu heime lenger.

For å få ein mindre auke i behovet vil det vera viktig å styrka tilbod som er førebyggjande og m.a. ta i bruk ny teknologi. Avlastingstilbod både på dagtid og kveld bør vurderast, og tilbod må byggast opp i ei anna form enn i dag.

Ein kan venta at utviklinga med at pasientar blir tidlegare skrivne ut frå sjukehus vil fortsetja og at dei pasientane vil ha meir komplekse problemstillingar både fysisk og psykisk når dei kjem heim. Auka krav til koordinering og heilskaplege tilbod, rehabilitering på eit høgare nivå enn i dag er og realistisk å sjå føre seg. Dette fører med seg høgare krav til kompetanse m.a.

- Vekst i dei eldste aldersgruppene som har stort omsorgs- og pleiebehov, særleg etter 2030.
- Fleire med kroniske sjukdommar og samansette behov.
- Aukande sosiale helseforskjellar.
- Behov for meir individuell tilpassing og skreddarsaum av helse- og omsorgstenester innan alle aldersgrupper.
- Eit meir mangfaldig samfunn prega av fleire og større etniske grupper.

Flykningar

På bakgrunn av den endra flyktnings situasjonen i Europa og i landet er det grunn for å tru at talet på flyktningar vil auka og at dette og vil ha verknadar for Sauda. Som kjent er det i desember 2015 oppretta asylmottak her, men det er vanskeleg å sei konkret kva for endringar dette vil føra med seg.

Spesialisering og interkommunalt samarbeid

Velferdsstaten omfattar stadig meir spesialiserte tenester og mange av desse blir lagt til kommunane. Dette aukar behovet for spesialisert og profesjonell kompetanse i kommunane. For å sikra tilstrekkeleg fagmiljø har mange kommunar inngått interkommunalt samarbeid om t.d. legevakt og alarmsentralar, PPT, barnevern, barnevernvakt, krisesenter og ein del tekniske tenester.

Generelle krav til kvalitet

Det er god grunn til å tru at krava til kvalitet på tenestene vil auka både i form av statlege krav og ut frå kva innbyggerane vil ha. Dette vil gje små kommunar som Sauda utfordringane framover. Korleis kommunen klarer å løysa denne problematikken, saman med rekrutteringsutfordringane generelt, vil vera grunnleggande viktig for ei framtid i bygda.

Folk vil vera med å bestemma tilbodet sitt sjølv

Folk har i større grad enn før innsikt og kunnskap om sin eigen situasjon og dermed større føresetnader for å bestemma sjølv og «vera herre i eige liv». Dette vil utfordra dei tradisjonelle fagmiljøa og bringa nye dimensjonar inn i det kommunale tenestetilbodet.

Bruk av ny teknologi

IKT har grunnleggande endra alle former for kommunikasjon og oppgåveløysing. Dette gjeld og organisering av kvardagen for individ, familiar, bedrifter og kommunar. Kontakten mellom innbyggerane og kommunen endrar seg. Den vanlege kontakten skjer over telefon, men stadig meir blir flytta over i digitale kanalar som e-post og tenestespesifikke nettløysingar.

Kommunane har i aukande grad tatt i bruk teknologi innan tenesteutøving, og spesielt velferdsteknologi innan helse- og omsorgstenestane har fått auka merksemd. Sauda deltek frå hausten 2015 i eit interkommunalt samarbeid på Haugalandet for å utvikla dette potensialet. Ny teknologi få betydning for korleis ein kommuniserer og yter tenester i framtida.

Innovasjon og evne til omstilling

Innovasjon og nye løysingar vil vera ein nøkkel til å handtera dei venta endringane. Kommuneorganisasjonen sin evne til å omstilla seg raskt til endra føresetnader vil og bli utfordra. Dagens flyktnings situasjonen er eit døme på at føresetnadane endrar seg raskt – og kan i så måte vera ein prøvestein på organisasjonen sin omstillingsevne.

2.6 Oppgåver som kommunen har i dag og som han vil få – kva krev desse?

I følge Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal generalistkommuneprinsippet ligga til grunn i kommunereforma. Det betyr at samtlege kommunar skal ha same oppgåveportefølje uavhengig av innbyggartal, men Kommunal- og moderniseringsdepartementet vurderer det slik at enkelte oppgåver berre kan overførast til storkommunar.

Fullstendig oversikt over oppgåveportefølja til kommunane ser du i VESS-utgreiinga.

2.7 *Interkommunalt samarbeid*

Sauda er med i mange interkommunale samarbeid. Oversikt over dette ser du i VESS-rapporten.

2.8 *Oppsummering Sauda i dag og om 20 år*

Sauda kan få overført ei rekkje nye oppgåver i framtida. Samtidig slit bygda med å oppretthalda folketalet og næringsaktiviteten. Det blir stadig høgare krav til kvalitet og tenestetilbod og særleg innan omsorgssektoren blir det eit aukande behov for tenester framover. Omstilling og endring vil vera viktig for å møte ei ny tid på ein berekraftig måte. Truleg vil samarbeid på mange plan, både internt og eksternt, vera grunnlag for å lukkast. Mange av dei same utfordringane som Sauda står i er noko av bakgrunnen for kommunereforma. Det står igjen å sjå om kommunesamanslåing er svaret på utfordringa eller om det kan vera andre alternativ som er betre.

3 Kommunen si rolle

3.1 Kommunen som tenesteytar

Kommunen sin rolle som tenesteytar omhandlar eit stort spekter av tenester. Barnehage, skule, helsestasjon, legeteneste, pleie og omsorg, plan- og byggesak, renovasjon, vatn og kloakk er døme på nokre kommunale tenestekområde.

Ut frå brukarundersøkingar, tal på klager, innspel frå ulike aktørar i samband med denne rapporten, eksterne tilsyn og eigenvurderingar må ein kunne sei at kommunen samla sett har tilfredsstillande kvalitet på tenestene. Samtidig kan kvaliteten vera varierende og ein ser forbettringsområder.

Kommunane har ei viktig rolle som produsent av velferdstenester, og staten stiller krav til dei kommunale tenestane. Eit sentralt mål er at tenestane skal vera likeverdige. Utjamning og likeverdige tenester mellom innbyggjarar og geografiske område har vore eit sentralt mål i oppbygginga av velferdsstaten. Det er krav om god kvalitet på tenestane og tilbodet skal vera tilpassa den enkelte.

3.1.1 Leiarundersøking

Rådmannen i Sauda gjorde hausten 2015 ei undersøking blant leiarane i kommunen. Undersøkinga tok føre seg dei forskjellige rollene kommunen har.

I undersøkinga framhevar leiarane at kommunen i det store og heile tilbyr gode tenester, høg kvalitet, godt samarbeid, samt nærhet og kjennskap til brukarane. Dei meiner likevel at dårleg økonomi gjer det vanskeleg å levera gode tenester i tråd med regelverket. Vidare gjer sårbarhet ved fråvær og stor avstand samarbeid med andre vanskeleg. Det kan bidra til underforbruk av spesialisttenester, små og sårbare fagmiljø, mange generalistar og få spesialistar, varierende omstillingsevne samt misforhold mellom forventningar og tilbod.

Utfordringane er geografisk avstand som set grenser for samarbeid med andre kommunar og instansar, samt kompetanseutvikling, rekruttering (særleg spesialkompetanse), små og sårbare fagmiljø og fleire eldre og demente samtidig med færre sysselsette.

3.1.2 Er innbyggjarane nøgde med dei kommunale tenestene?

Kommunen har brukar- og tilsetteundersøking kvart andre år, sist i 2013. I tillegg innbyggjarundersøking kvart fjerde år. Begge deler skal etter planen gjennomførast i løpet av 2016. Det er varierende svarprosent, frå 15 % i sosialtenesta til 100 % på eit av dagsentera. På medarbeidarundersøkinga svarte 63 %, men berre 21 % svarte på innbyggjarundersøkinga. Tidlegare undersøkingar har vist at folk jamt over er tilfredse og at det er liten variasjon i svara.

Figur 3.1 Tilfeldige tal i brukarundersøkinga 2013 viser eit gjennomsnittsbilde. Kjelde: Ny kommune.

| | Sauda 2013 | Norge |
|-----------------------|------------|-------|
| Innbyggjarar | 4,1 | 4,1 |
| Brukarar heimetenesta | 4,9 | 5 |
| Pasientar institusjon | 5,3 | 5,1 |
| Barnehage | 5,1 | 5 |

3.1.3 Kartlegging gjennomført av Haugaland Vekst regionråd

Haugaland Vekst regionråd består av alle medlemskommunane i Haugaland Vekst, samt Rogaland fylkeskommune. Rådet hadde ansvar for utgreiing og felles sak knytt til framtidig kommunestruktur på Haugalandet. Som ein del av forstudien til saka blei det våren 2015 gjennomført ei kartlegging av status i kommunane. Rådmennene har gitt innspel på vegne av «sin» kommune.

Sauda sine sterkaste sider er her rapportert som eit bymessig og kompakt sentrum, konsentrert busetting og bu- og levekvalitet på eit høgt nivå.

Kommunen har gode og effektive tenester innanfor fleire sentrale område. Det er god score på nasjonale prøvar, lite fråfall i vidaregåande skule og god trivsel blant ungdommane.

Utfordringane er i stor grad knytt til å behalda innbyggjarane og utvikla private arbeidsplasser. Det er svært få ledige jobbar. Det er stort press på omsorgstenester og det vil auka.

Som tenesteytar har Sauda fleire styrker. Det som er nemnd i rapporten er: konsentrasjon av tenester som gjer effektivitet mulig, godt utbygd infrastruktur, effektive og kvalitetsmessig gode tenester, høg kompetanse og full dekning av lærarar, sjukepleiarar og omsorgs / helsefagarbeidarar. Av svake sider som blir nemnt er: at ein kan bli meir effektiv på nokre område og mangel på heilskapleg struktur på næringsutvikling.

Framover i tid ser ein fare for mangel på arbeidskraft og press på helse- og omsorgstenester. Svar på dette kan vera interkommunalt samarbeid og / eller desentralisert utdanning.

3.2 *Kommunen som utøver av mynde (lovforvaltar)*

Kommunen utøver mynde innan ei rekke saksfelt i medhald av lov. Til dømes fattar kommunen vedtak om tildeling av tenester, krev inn skattar og avgifter, fordeler tilskot og gir bevillingar. Utøvinga av mynde kan vera retta mot enkeltindivid, bedrifter eller organisasjonar. Rolla som utøver av mynde er nært knytt opp til kommunen sin rolle som tenesteleverandør.

Utøving av mynde er og eit sentralt element i kommunen sin rolle som samfunnsutviklar. Til dømes er utbyggjarar og grunneigarar avhengige av planverk og byggeløyve frå kommunen. Gjennom effektiv og korrekt saksbehandling kan kommunane leggja til rette for samfunns- og næringsutvikling.

Kommunane må utøva sin rolle som utøver av mynde ut frå fagleg og politisk skjønn, men innanfor dei rammene som lovgivinga krev. Det er derfor sentralt at kommunane ivaretek omsynet til innbyggjarane sin rettstryggleik når dei utøver mynde.

3.2.1 Leiarundersøkinga

Dei fleste svarer at mangel på kapasitet og kompetanse skaper utfordringar knytt til utøving av mynde. Særskilt nemner dei ved fråvær, samt støttefunksjonar generelt. Det finns svært lite juridisk kompetanse; den blir kjøpt frå KS eller andre. Saksbehandlingstidene er stort sett akseptable, likeeins kvaliteten på saksbehandlinga. Bestillarkontoret blir spesielt positivt omtalt, medan ei eining skil seg ut med lang saksbehandlingstid. Habiliteitsproblema blir vurdert som små. Det er lite klager totalt sett.

3.2.2 Kartlegging gjennomført av Haugaland Vekst regionråd

Her kjem det fram at Sauda har ein viss juridisk kompetanse og at denne tenesta ut over det blir kjøpt inn. Det er lite klager, mest på plan og bygg, samt litt på skule og helse.

Det går fram at saksbehandlingstida er for lang, særleg i kompliserte saker. Av og til ser ein manglande forvaltningskompetanse ein opplever relativt lite habilitetsproblematikk.

Samferdselstilhøva er ikkje gode nok. Særleg blir den dårlege vegen inn til Sauda på vintertid og dårleg kollektivtilbod vektlagt.

3.2.3 Kapasitet og kompetanse

ByråkratiBarometer 2013

ByråkratiBarometeret er ein årlig rangering av norske kommunar etter kor stor del av ressursbruken som nytta i administrasjon. Samanlikninga av kommune-Norge etter byråkratiByrde er laga for å identifisera og kartlegga eigenskapar ved den norske kommunestrukturen. Samtidig kan oversikta vera nyttig for den enkelte kommune og bidra til læring mellom kommunar. Det er viktig å påpeika at kvaliteten på administrasjonstenester ikkje er vurdert i denne oversikta. Generelt viser oversikta at dei minste kommunane brukar større del av tilgjengelege ressursar på administrasjon og politisk styring enn større kommunar. Samstundes viser talmaterialet at det er store forskjellar som ikkje følger av kommunestørrelsen ålane.

Dei fem variablane som er inkludert i Kommunenes ByråkratiBarometer 2013 er (vekt i parentes):

- *Lønnskostnader til administrasjon per innbyggjar (40 %)*
- *Andel netto driftsutgifter i kommunen til administrasjon og styring (20 %)*
- *Avtalte årsverk innan administrasjon, i prosent av innbyggartalet (20 %)*
- *Andel av samla kommunale årsverk avtalt innan administrasjon (10 %)*
- *Lønnskostnader til politisk styring per innbyggjar (10 %)*

Av alle kommunane i landet kjem Sauda ut med ei plassering som nummer 274 i 2012 og nummer 282 i 2013. Den mest effektive kommunen ut frå desse kriteria er den som er nummer 1 i barometeret.

3.2.4 Distanse og habilitet

Det finns få undersøkingar som kartlegg habilitetsspørsmålet i norske kommunar, og det er derfor vanskeleg å danna seg eit bilde av situasjonen. Den tilgjengelige forskinga går i retning av at det er ein sterk kopling mellom habilitet og kommunane sitt innbyggartal. I dei kommunane der innbyggartalet er lågt, der vil også avstanden mellom befolkninga, politikarane og administrasjon vera mindre enn det som er tilfelle i større kommunar. I situasjonar der slektsband går på tvers av politisk og administrativt nivå eller overlapp mellom byråkrat, - og politikarrolla, blir det meir sannsynleg at inhabilitet inntreffer. Dette kan føra til ein uønska og negativ påverknad av administrative og politiske prosessar og avgjerder. Ifølge ein rapport frå Norsk institutt for by- og regionsforskning (NIBR) er denne problematikken mest relevant for kommunar med færre enn 2 000 innbyggjarar. NIBR viser til et eksempel frå Lurøy kommune (med ca. 1 900 innbyggjarar) kor 7 av 19 av kommunestyrets representantar (37 prosent) var tilsett i sentrale stillingar i kommunen.

I inneverande kommunestyreperiode har kommunestyret i Sauda 19 representantar. Berre 1 av desse er tilsett i kommunen. I andre periodar har det vore mange kommunalt tilsette i kommunestyret. Eit døme på dette er det ein i ein periode for ikkje mange år sidan kalla for «teknisk parti». Det var då fleire politikarar som hadde direkte tilknytning til teknisk eining og som enkelte andre meinte ivaretok interessene til teknisk på ein svært god måte i kommunestyret.

Sidan Sauda ikkje er ein folkerik kommune, er det grunn til å tru at det ikkje alltid er tilstrekkelig avstand mellom folkevalde, innbyggjarar og administrasjon. Dersom slike problemstillingar skulle dukka opp i administrativ samanheng, er det den tilsette sitt ansvar å melda frå om dette, slik at saksbehandlinga eventuelt kan overførast til andre. Dei folkevalde er også pliktig til å erklæra seg inhabile i dei sakene der dette blir kravd. Sauda kommune har også utarbeidd etiske retningslinjer, eit dokument som er vedtatt i kommunestyret. I tillegg gjer kontrollutvalet revisjonar av den kommunale verksemda.

3.3 Kommunen som samfunnsutviklar

Denne rolla handlar om langsiktig arealbruk og utbyggingsmønster, utbygging av infrastruktur, stads – og sentrumsutvikling, næringsutvikling, miljø og folkehelse i vidaste forstand.

3.3.1 Omstilling og næringsliv

Kommunen har dei seinare åra hatt større fokus på næringsutvikling og har særleg kanalisert arbeidet via omstillingsprosjektet. Sauda er ein omstillingskommune der hovudmålet er å auka folketalet i tillegg til ambisjonar om skapa aktivitetar og arrangement som gir fleire besøk til Sauda. Omstillingsarbeidet i Sauda har fått positive tilbakemeldingar frå Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg. Arbeidet er etter deira vurdering og evaluering godt organisert, det har kome godt i gang og det er valt få og tydelige satsingsområder.

I «Omstillingsplanen, revidert i 2015» nemner ein desse hovudutfordringane: redusert folketal, avstand (til arbeidsmarknad, sjukehus, flyplass), fleire store verksemder (store konsekvensar ved reduksjon / nedlegging) og handel utanfor Sauda. Likevel er ikkje nauda stor nok til ei brei mobilisering for å endra utviklinga. Mulighetsbildet er likevel absolutt til stades og gir grunnlag og retning for det vidare arbeidet i omstillingsstyret.

«Ka ittepå»

TIBE Samfunn har analysert omstillingsarbeidet i Sauda og leverer forstudien «Ka ittepå» i januar 2016. Formålet med forstudiet «Ka ittepå» er: *«å etablere en enhet som arbeider videre med å realisere omstillingsprogrammets langsiktige mål og ambisjoner etter at omstillingsperioden er over. Enheten må være operativ før omstillingsprogrammet avvikles, og skal samarbeide tett med kommunen, det lokale næringslivet og ev. andre sentrale aktører.»* (ref. www.regionalomstilling.no) Tilrådingane i forstudien er:

- Saudasamfunnet må **velja ei regional tilknytning som gir ekstern drahjelp** ved konkret **samhandling knytt til dei områda Sauda kan veksa på**. Velja den regionen som har mest bruk for Sauda og som Sauda har størst utbytte av å knyta seg til. Dette må forankrast politisk og blant næringslivsaktørane!
- **Næringsutvikling**. Sauda kommune må tyngre inn **rollen som samfunnsutviklar**, og næringsutvikling er ein viktig del av det. Framtidig organisering skal spegla dette.
- **Strategisk næringsplan**. Sauda kommune manglar strategisk næringsplan. TIBE Samfunn tilrår, uansett val av regional retning, at det blir utarbeidd strategisk næringsplan for Sauda kommune. Prosessen må gjennomførast bredt forankra!
- **Organisering – ulike modellar**. Det bør veljast ei organisasjonsform som løfter og styrker kommunen sine oppgåver som samfunnsutviklar. Modellen baserer seg på dei oppgåvene som skal løysast, og den må sikra eit balansert samarbeid med eksterne aktørar både frå lokalt og regionalt næringsliv.

Rapport, bakgrunnsmateriale og innsikt som er utvikla gjennom forstudiet legg vekt på tre områder som folkevalde og Saudasamfunnet skal ta stilling til;

1. Foreta eit **strategisk val om regional forankring og tilhøyrse**.
2. Definera og prioritera kva for **oppgåver** organisasjonen som skal leia omstillingsarbeidet vidare skal gjennomføra.
3. **Velja organisasjonsmodell som er best egna** til å nå målet om 5000 innbyggjarar+ med basis i punkt 1 og 2. Næringsutvikling vil vera den viktigaste innsatsfaktor i vidare utviklingsarbeid og organisasjonsmodellen må spegla dette.

Forstudiet er klar på sine tilrådingar og m.a. på at kommunen si rolle som samfunnsutviklar må bli sterkare skal ein få til ei positiv utvikling i bygda.

3.3.3 Leiarundersøkinga

Undersøkinga er tydeleg på at ein til ei viss grad har nødvendig kompetanse på plass per i dag, men at rekruttering av personell, og særleg med høgare utdanning, vil vera av dei største utfordringane for Sauda framover. Det gjeld alle område, samt både i kommunal og privat verksemd.

Når det gjeld næringsutvikling er det bra med ledig areal og det er positivt med bulystprosjekt og næringsfond. Store geografiske avstandar set grenser t.d. for å nå sentrale knutepunkt, til kundar og samarbeidspartar og for etablering av nye arbeidsplasser.

Det finns ledige tomter og areal, men ein bør prioritera å sjå skular og tomter i samanheng, og det blir nemnd mangel på industritomter. Ein bør få ned saksbehandlingstida på byggesaker og vurderer å oppretta eit eige tomteselskap.

Det er viktig å få folk til å villa leva og bu i Sauda og det kan sjå ut til at denne viljen er blitt litt større den seinare tida. Arbeidsledigheta er låg, fleire små lokale prosjekt finns, det er god utvikling rundt sentrum og vidaregåande skule spelar ei viktig rolle i lokalsamfunnet.

Samarbeid både internt og med eksterne aktørar er blitt betre, men det er fortsatt mykje å henta på dette området. Det er mange lag og organisasjonar, men ein ser og slitasje i styreverv og dugnadsinnsats.

3.3.4 Kartlegging gjennomført av Haugaland Vekst regionråd

Kartlegginga viser at Sauda stort sett klarer å halda tempoet som politikarane ventar.

3.3.5 Pendling

Sauda er den kommunen som har minst både inn- og utpendling i fylket. Dette har vore rimeleg stabilt over tid.


3.3.6 Samhandling med lag og organisasjonar

Sauda ha ein rik tradisjon med mange aktive lag og organisasjonar. Det gjeld innan idrett, kultur, solidaritetsarbeid mm. Bygda har fleire bygg og anlegg som blir drifta privat/av eit lag, og ein del av dei med økonomisk støtte frå kommunen. Det er utfordrande for dei fleste å klara vedlikehald og utvikling av bygg og anlegg og det er varierende i kor stor grad dei greier oppgåva. Aktiviteten i laga varierer også over tid. Frivilligsentralen har vore i drift ein del år og har tilsett eigen leiar. Aktive lag og organisasjonar er grunnleggande viktig for å klara dei samfunnsoppgåvene som er og ikkje minst dei utfordringane som kjem i åra framover.

3.4 Kommunen som demokratisk arena

Kommunane i Norge er sterkt knytt til demokratiske verdiar og tradisjonar. I over 170 år har innbyggerane lokalt kunna velja sine eigne folkevalde organ i kommunane – kommunestyra. Dette bidrar til å sikra innbyggerane innverknad på eigen kvardag. Demokrati handlar og om å skapa arena for deltaking og meiningsveksling mellom val. Nyare former for deltaking er til dømes brukarmedverknad og brukarstyring.

3.4.1 Politisk organisering i Sauda



Mandatfordelinga i kommunestyret i perioden 2015-2019

| | Ap | SV | Sp | Krf | H | Frp | V | SUM | % kvinner |
|---------------|----|----|----|-----|---|-----|---|-----|--------------|
| Kommunestyret | 5 | 1 | 9 | 1 | 3 | | 0 | 19 | 31 |

3.4.2 Valdeltaking

Eitt av ekspertutvalet sine kriterier for eit godt lokaldemokrati er høg politisk deltaking. Det er tradisjonelt høgare valdeltaking ved stortingsval enn ved kommuneval. Kvinner har høgare valdeltaking enn menn, men menn blir framleis valt inn i større grad enn kvinner. Tendensane går i retning av lågare valdeltaking generelt og særleg for enkeltgrupper.

Valdeltakinga har tradisjonelt vore god i Sauda. Den var på 69,1 % i 2007, 69,6 % i 2011 og 67,7 % i 2015. Dette er over snittet i landet.

Kommunestorleik viser seg i liten grad å påverka valdeltakinga ved kommuneval. (KS rapport mai 2014, kommunestorleik og lokaldemokrati, oppsummert forskning). Lokalpolitikarane si handtering av konflikhtar synes derimot å vera viktig for den lokalpolitiske stemninga i kommunen – og for mobilisering av veljarar. 95 % av alle kommunestyrerepresentantane blir vald på partilister. Resten blir vald frå by- og bygdelister eller aksjonsorienterte lister. I dag er dei tradisjonelle partipolitiske hovudblokkene stort sett representert i alle kommunar, mens nokre av dei mindre partia som til dømes Rødt og MDG ikkje er representert i alle kommunestyrer. I ein ny og større kommune vil det truleg bli eit større mangfald av parti å stemma på. Dei politiske partias rekrutterings- og nominasjonsprosessar er derfor dei viktigaste kanalane til politiske tillitsverv og avgjer i stor grad kven som til sist blir kommunen sine folkevalde.

Mange fryktar at mindre kommunar ikkje lenger vil vera representert i ein ny større kommune. Den geografiske representasjonen kan påverkast ved at talet på kommunestyrerepresentantar aukar slik

at sjansane for at dei fleste delane av ein ny kommune er representert. Eit stort kommunestyre kan likevel medføra meir krevjande politiske prosesser og vera kostnadskrevjande. Det kan eventuelt vurderast i ein startfase å gradvis redusera etter ein eller to valperiodar. Den geografiske representasjonen kan også påverkast av talet på personar som partia førehandskumulerer på sine lister og om geografi blir tatt omsyn til her (Jf. Valglova § 6-2 som seier kor mange det enkelte parti kan førehandskumulere basert på talet på medlemmer i kommunestyret).

3.4.3 Identitet og tilhørslse

Politisk deltaking handlar ikkje berre om valdeltaking, men også forsøk på å påverka avgjersler mellom val. Kommunane sitt styringssystem, organisering og bruk av råd og utval gir ein indikasjon på ekspertutvalet sitt kriterium om lokal politisk styring. Nærleik mellom innbyggjarane og politikarane er sentralt og mange opplever at identiteten og opplevinga av å høyra til kommunen er trua. Med lokal identitet meiner me her innbyggjarane si oppleving av å høyra til i eit område, først og fremst staden ein bur på.

Dei som bur i Sauda identifiserer seg vanlegvis mest som Saudabuar, men dei har og identiteten sin knytt til både Ryfylke og Haugalandet. Alt etter kven ein spør vil ein høyra at det varierer kor folk meiner dei høyrer mest til. Dette viser og at eit menneske godt kan ha sin identitet knytt til forskjellige geografiske område. At du er Saudabu utelukkar ikkje at du også er Ryfylking. Sjølv om Sauda blir slått saman med andre kommunar vil folk flest framleis sjå på seg som Saudabuar. Dei skal fortsatt bu i Sauda og bygda Sauda sluttar ikkje å eksistera.

3.4.4 Kartlegging gjennomført av Haugaland Vekst regionråd

Kartlegginga viser at engasjementet til dei folkevalde er stort, men rekrutteringa har vore svært vanskeleg, særleg når det gjeld å få med nok kvinner. Det er god valdeltaking og stort politisk engasjement i enkeltsaker. Saksmengda er stor, møta går på dagtid.



3.5 Oppsummering kommunen si rolle

Som tenesteytar har kommunen ei sentral og viktig rolle på mange område. Kommunen tilbyr i hovudsak gode tenester med tilfredsstillande kvalitet. Brukarane av tenestene og innbyggjarane er rimeleg godt nøgde med tilbodet dei får og det er få klager. Eit lite og oversiktleg samfunn gir nærhet og god kjennskap til brukarane, men på den andre sida kan dette og føra med seg inhabilitetsutfordringar. Samtidig kan kvaliteten på tenestene vera varierende og ein ser forbettringsområder. Utfordringane er geografisk avstand som set grenser for samarbeid med andre, samt kompetanseutvikling, rekruttering (særleg spesialkompetanse), små og sårbare fagmiljø, og fleire eldre og demente samtidig med færre sysselsette.

Når det gjeld utøving av mynde ser ein at saksbehandlingstidene stort sett er akseptable, likeeins kvaliteten på saksbehandlinga. Saksbehandlingstida er stort sett ok, men kan vera for lang og for dårleg i periodar. Kommunen manglar juridisk kompetanse, men til ei viss grad kan denne leigast inn ved behov. Habilitetsproblema blir vurdert som små. Det er lite klager totalt sett. I Byråkratibarometeret er Sauda nummer 281, noko som viser at det finns eit tydeleg effektiviseringspotensiale.

Kommunen har tatt rolla som samfunnsutviklar meir alvorleg dei siste åra. Ein har større fokus på næringsutvikling og har særleg kanalisert arbeidet via omstillingsprosjektet og er no ein omstillingskommune. Hovudutfordringane er redusert folketal, avstand, fleire store verksemdar og handel utanfor Sauda. Likevel er ikkje nauda så langt stor nok til ei brei mobilisering for å endra utviklinga. Mulighetsbildet er likevel til stades og gir grunnlag og retning for det vidare arbeidet i omstillingsarbeidet. I forstudet «Ka ittepå» blir det peika på kva for viktige val Sauda bør ta når det gjeld m.a. regional tilhørighet. Det blir og poengtert at kommunen si rolle som samfunnsutviklar må styrkast for å få til ønska og nødvendig utvikling. Dette må skje i eit samarbeid med næringslivet og mange andre aktørar. Å ta vare på, og utvida innsatsen til frivillige lag og organisasjonar, vil vera viktig for å klara oppgåvene i framtida.

Valdeltakinga i Sauda er høgare enn elles i landet. Innbyggjarane har ein sterk identitet knytt til det å vera Saudabu, men også til å vera Ryfylking eller Haugalending.

4 Utfordringar ved å fortsetja som eigen kommune

4.1 Sentrale utfordringar

Ut frå kjennskap til lokale tilhøve, samt erfaringar frå liknande kommunar og forskning (t.d. NIVI Rapport 2012-3) kan ein summera dei viktigaste utfordringane for kommunane fram i tid slik:

Arbeidskraftutfordringa

- Store rekrutteringsbehov
- Auka konkurranse om arbeidskraft
- Krav til attraktive stader, gode tenester, solide fagmiljø, aktiv personalpolitikk

Kompetanseutfordringa

- Må ha nok personale, med rett kompetanse som inngår i fagmiljø
- Krav til ulike typar kompetanse (politisk, administrativ og fagleg)

Økonomiutfordringa

- Store nasjonaløkonomiske utfordringar
- Stram kommuneøkonomi
- Må nytta effektiviseringspotensialet
- Kraftinntektene utgjør meir enn 30 % av inntektene til Sauda

Utviklingsutfordringa

- Sterk polarisering i befolkningsutvikling og næringsliv
- Krev samordna mobilisering i utviklingsarbeidet og forpliktande regional planlegging

Generalistutfordringa

- Veksande ubalanse mellom oppgåver og lokale ressursar
- Pengar ikkje det viktigaste, men kompetanse

Demokratiutfordringa

- Nasjonalt bilde
 - Reformar på sektorane sine premissar
 - Framvekst av baktung forvaltning utanfor kommunane
- Kommunal bilde
 - Variabel valdeltaking
 - Framvekst av alternative deltakarkanalar
 - Fragmentering av kommunestyra sitt ansvar?
 - Veksande lokalpolitisk avmakt?
- Interkommunalt bilde
 - Fråvær av politisk styring, avpolitisering
 - Lite openheit og innsyn sett frå innbyggjarane
 - Auka kompleksitet i forvaltninga
 - Svak ekstern mobilisering og svak påverknadskraft
 - Lite truleg at ansvar og virkemidlar blir desentralisert
 - Manglande avtalepart for staten og regionale aktørar

- Lite interessant rolle for politikarane

4.2 *Kompetanse som må kjøpast eller hentast gjennom interkommunalt samarbeid*

Når ein ser på dette utfordringsbildet er det grunn for å tru at Sauda ikkje er særleg annleis stilt enn resten av landet. Det gjeld dei aller fleste utfordringane.

Mindre kommunar har etter kvart meir generalistar enn spesialistar innanfor dei ymse fagfelta. Samstundes skal dei levera meir spesialiserte tenester enn før. I tillegg vil spesialistane arbeida i fagteam med andre spesialistar. Folketalet i Sauda gir i lita grad slike muligheter både no og i næraste framtid. Solide og fagleg utfordrande fagmiljø i lag med andre spesialistar vil truleg bli meir og meir vanskeleg å få til.

Alternativa kan vera at innbyggjarane må reisa til spesialistar når dei treng det, at ein får til interkommunale kompetanseklynger som kan tilby tenester eller at ein kjøper tenester som kjem «reisande» til Sauda. Dette vil kanskje ivareta i alle fall deler av behovet til kommunen, men vil truleg bli meir vanskeleg jo lenger fram i tid ein ser.

I tillegg opplever heile samfunnet eit aukande gap mellom dei ressursane som finns og dei forventningane folk har. Dette gapet blir større og større, medan viljen til å prioritera synes å bli mindre. Viss denne utviklinga fortset vil utfordringane ovanfor auka frå år til år.

4.3 *Samferdsle*

Dei topografiske tilhøva i regionens gir barrierar for samband og kommunikasjon. Historisk har det vore sjøvegen som har kopla regionen, og mange av bygdene, saman.

Sauda tek del i arbeidet både med Regionalplan for areal og transport i Ryfylke og på Haugalandet. I gjeldande plan for Ryfylke er det vedtatt følgande målsettingar:

- *Ryfylke skal vera ein livskraftig, nyskapande og pulserande region.*
- *Regionalplanen skal bidra til utvikling av eit konkurransedyktig næringsliv og kvalitativt gode stadar i Ryfylke ved å:*
 - *Bygga opp om arealbruksløyningar som avgrensar unødig transport, økonomiserer med areal og naturressursar, og som gir gode og trygge nærmiljø.*
 - *Bidra til eit heilskapleg, effektivt, miljøvennleg og samfunnsøkonomisk transportsystem.*
- *Ryfylke skal vera ein attraktiv region for busetting, rekreasjon og næringsutvikling.*

Det skjer stadig endringar når det gjeld hovudvegar i området på og omkring Haugalandet og Ryfylke. Kyststamveg E 39 mot Stavanger, Hordfast mot Bergen og E 134 som foreslått hovudtrase mellom aust og vest er døme på det. Strekninga Vindafjord / Etne blir utbetra og den nye Sandsfjordsbrua er opna. Dette vil betra og endra samferdselstilhøva i regionen og opna opp for nye muligheter. Likevel er desse tiltaka eit stykke unna Sauda og berre tida vil visa kor nyttige dei er for oss. Våre draumar om tunnell til Etne er framleis fjerne og det manglar politisk semje både lokalt og regionalt for ei slik satsing. I tillegg er problema med Svandalsfossen dei same som før og tilhøva på vegen mellom Sauda og Ropeid er ikkje tilfredsstillande. Det har vore fleire dødsulukker og andre alvorlege ulukker på denne vegen dei siste åra. Tilhøva for både gåande og køyrande trafikantar i området ved Gausvik er heller ikkje gode. Når vegen til Røldal er vinterstengt, isen ligg på fjorden og hindrar hurtigbåten og vegen til Ropeid er rasutsett og somme tider stengt av vatnet i Svandalsfossen, gir dette problem

for eit moderne samfunn som ynskjer å veksa og samarbeida med andre om bu og arbeidsfellesskap m.a.

Sauda er ein liten kommune geografisk plassert langt frå dei store bysentra i regionen og det er vanskeleg å få gjennomslag for nye og ofte dyre samferdselstiltak. Ein kan sjå føre seg at ein større og sterkare ny kommune kunne hatt større tyngde både fagleg, økonomisk og politisk til å få fortgang i samferdsleprosjekt som gjer at bygda kan veksa og utvikla seg.



4.4 Tilpassing av tenestene til økonomien

Sauda har mange gode tenester og ligg tradisjonelt over landsgjennomsnittet på utgifter til tenesteyting om ein ser på KOSTRA. Dei siste åra har det vore ei tilpassing, men framleis er kostnadane rimeleg høge i kommunen. Det ligg med andre ord eit innsparingspotensiale her.

4.5 Oppsummering ved å fortsetja som eigen kommune

Det er grunn til å tru at dei utfordringane me ser i dag vil forsterka seg i åra framover. Det betyr at å rekruttera og behalda personell med nødvendig kompetanse vil bli vanskelegare samtidig som innbygarane ventar seg både fleire og betre tenester frå kommunen si side. Særleg kan det bli vanskeleg å rekruttera spesialkompetanse og ein vil fortsatt slita med små kompetansemiljø.

Samferdselstilhøva er langt frå så gunstige som ein skulle ynskja for å få til den samfunnsutviklinga ein treng framover. Dette er ein av dei viktigaste sakene å få gjort noko med i åra framover. Det har vore, og vil truleg fortsatt bli, vanskeleg å få andre kommunar/instansar med på ei prioritering av vegar, bruer og tunnellar i dette området. Sauda har avgrensa makt og ressursar som ein liten kommune til å klara dette løftet sjølv om ein prøver så godt ein kan.

Viss utviklinga med stadig fleire pensjonistar og stadig færre i arbeidsfør alder fortset vil det bidra til ei framtid som ikkje er berekraftig.

Dei økonomiske vilkåra vil leggja føringar for korleis desse utfordringane skal løysast. Det same vil samfunnet sin vilje og evne til omstilling og nytenking, samt samarbeid med andre gjera.

5 Utfordringar ved å gå inn i eit større kommunefelleskap

5.1 Innleiing

Den felles VESS-utgreiinga vil i hovudsak dekkja det som omhandlar ein ny og større kommune. I denne rapporten blir berre utfordringar som er relevante for Sauda nemnd. Eit kort kapittel om interkommunalt samarbeid som alternativ til kommunesamanslåing vil ta for seg enkelte delområde der samarbeid er etablert eller planlagt, samt utfordringane med dette.

5.2 Interkommunalt samarbeid som alternativ til kommunesamanslåing

Regjeringa meiner at interkommunalt samarbeid svekker demokratiet og at det reduserer innbyggerane sine sjansar til å fylgja med på kvar og når avgjerder blir tatt. Vidare at dei folkevalde har mindre moglegheiter for å sjå ulike oppgåver i samanheng. Samtidig vil regjeringa greie ut eit ev. *pålegg* om interkommunalt samarbeid for kommunar der det ikkje er grunnlag for samanslåing då avstandane er for store. Kommunal -og moderniseringsdepartementet (KMD) skal etter planen leggja dette fram for Stortinget våren 2017.

Samstundes vil regjeringa utgreia om dei kan pålegga kommunar interkommunalt samarbeid som ei løysing der geografiske avstandar gjer at kommunar ikkje kan slå seg saman. Ved sida av store geografiske avstandar vil kommunane sin fagkompetanse vera ein sentral faktor i vurderinga av når det er aktuelt å nytta denne avgjerda. I utgreiinga vil ein og vurdere om ein på førehand kan definera særskilde tenesteområde som kan vera aktuelle for pålagt samarbeid. Den framtidige kommunestrukturen og omfanget av nye oppgåver til kommunane vil kunna avgjerda omfanget av slike pålagde samarbeidsordningar.

Sauda kommune deltek i mange forskjellige samarbeidskonstellasjonar. Eit av dei er regionrådet på Haugalandet som består av alle dei ti eigarkommunane i Haugaland Vekst IKS, samt Rogaland fylkeskommune. Regionrådet skal vera ein felles arena for samhandling, erfaringsutveksling og prosjektutvikling på saksområde som er viktige for regionen. Haugaland Vekst ved administrasjonen er sekretariat for regionrådet. Sauda har kun avtale med Haugaland Vekst IKS om leveranse av regionalt utviklingsarbeid og har ein eigen organisasjon, Sauda Vekst, som har ansvar for det lokale næringsutviklingsarbeidet i bygda.

Sauda har tidlegare hatt samarbeidsavtalar med Suldal om slt-koordinator og flyktningkonsulent, men begge avtalane er oppsagde. Også avtale om helsestasjonssamarbeid er oppsagd og det er usikkert om innbyggerane i Hylsfjorden framleis kan få slike tenester i Sauda eller om dei må reisa til Sand for å få dei.

Dei same to kommunane har utgreidd samarbeid om barnevern og PPT og tilrår eit samarbeid på desse områda. Saka skal etter planen til politisk behandling våren 2016. Sauda og Suldal har frå 1.1.2016 tilsett felles kommunal psykolog.

VESS-kommunane har per i dag berre ein avtale seg imellom etter kommunelova § 28 (vertskommunesamarbeid) og det er om miljøretta helsevern. I tillegg fortset samarbeidet om kreftkoordinator ut prosjektperioden på tre år.

Sauda kommune har avtale med Haugesund kommune om betening av legevaktstelefonen frå januar 2016.

Sauda har og samarbeid med andre om IT, bibliotektenester, skuleutvikling, innkjøp mm. og deltek i mange former for formelt og mindre formelt samarbeid på fleire plan både i Ryfylke og på Haugalandet. I tillegg er det samarbeid med Rogaland Fylkeskommune om m.a. partnerskap for folkehelse og utdanning i Ryfylke. Sauda kommune er og medeigar i t.d. Rysteg. Ei meir fullstendig oversikt over samarbeid finn du i VESS-rapporten.

I tillegg seier VESS-rapporten at det er behov for samarbeid innan ei rekke funksjonar og nemner brann, administrative funksjonar, helse og omsorg, areal og forvaltning, bibliotek, kultur, vaksenopplæring, samt innovasjon, forskning og utvikling.

Som ein ser er det mange ulike samarbeidsløysingar. Desse har ulik forankring, organisering og leiing og gjer det utfordrande både å ha nødvendig kontroll og oversikt. Dette kan også vera ei demokratisk utfordring fordi samarbeidet i større og mindre grad skjer utanfor den politiske arena. Det er på denne bakgrunn sentrale myndigheter meiner at eit utbreidd samarbeidd kan svekka demokratiet og redusera innbyggjarane sine sjansar til å få med seg kva og kor avgjerder blir tatt og kva dei inneber. Dette er ein av fleire årsaker til at forslag om ei kommunereform ligg føre og gir litt av forklaringa på at regjeringa ikkje går inn for ei vidare utvikling av samarbeid, men heller går inn for større kommunar for å løysa behovet som det omfattande og uoversiktlege samarbeidet er eit uttrykk for.

5.3 Geografi og avstandar

Det er stor geografisk avstand frå Sauda til omverda per i dag og samanslåing med nabokommunar vil gje ein ny kommune med fortsatt store avstandar. Dette er ein av dei mest avgrensande faktorane for å gå vidare med ei samanslåing. Med nye vegar, bruer og utbetring av eksisterande vegar og nye vegar vil dette biletet sjå betre ut, men vil likevel vera utfordrande.

Eit felles bu- og arbeidsmarknad er ynskjeleg, men avstandane gjer dette vanskeleg. Ei viss pendling både inn og ut av kommunen er det i dag og det vil det nok framleis vera, men kanskje uavhengig av kommunesamanslåing eller ikkje.

Med ei samanslåing vil ein likevel måtta sjå heile den nye kommunen i ein samanheng og ta omsyn til at alle delane av kommunen må ha tilfredsstillande vegstandard og anna samferdsle. I tillegg vil ein kunna opptre som ei meir samla pressgruppe mot stat og fylke fordi ein representerer ein større og sterkare kommune enn før.



5.4 Demokrati og nærleik til politikarar

I dag er nærleiken mellom dei folkevalde og innbyggjarane stor. Grendene og bygdene er små og oversiktlege og folk kjenner både kvarandre og politikarane. Denne nærleiken kan vera ein fordel,

men og ei ulempe fordi ein kan komma for nært innpå, noko som igjen kan gjera det vanskeleg å prioritera når sakene kjem opp til politisk behandling.

Ved ei kommunesamanslåing vil det bli grunnleggande endringar for både den administrative og den politiske styringa av kommunen. Dei ulike alternativa kjem fram i VESS-utgreiinga.

5.5 Sentralisering av tenester

Telemarksforsking skriv i si «Utgreiing av kommunestruktur i Ryfylke» i 2011 at: *«I samheng med dei fem siste frivillige kommunesamanslåingane som er gjennomførde, har skular, barnehagar og sjukeheimar same lokalisering som tidlegare. Ein skal ikkje undervurdere innsparingsmoglegheitene innan tenesteområda, men erfaring syner at det er vanskeleg å henta ut stordriftsføremoner for ein del fyrstelinetenester der nærleiken til innbyggjarane og brukarane er viktig. Sjølv om innsparingspotensiala kan vera vanskelege å henta ut, er det likevel noko ein bør sjå nærare på»*. Det kjem altså klart fram at innsparingspotensialet ved samanslåingar ikkje er størst ved dei utøvande tenestetilboda, men kanskje heller innan administrasjon og leiing, koordinering og samarbeid om kompetanse.

Helsesamarbeidet viste langt på veg det same, altså at samarbeid om felles pasientretta tiltak der pasientar måtte flytta ut av kommunen sin var lite aktuelt. Dermed var det absolutt muleg å tena på samarbeid om administrative funksjonar og større og betre fagmiljø.

5.6 Oppsummering av utfordringar med å gå inn i eit større kommunefelleskap

Samarbeid mellom kommunar er eit alternativ til samanslåing. Sauda kommune samarbeider med andre kommunar og instansar på fleire felt. Bakgrunn for samarbeidet er at ein har sett nytta av å bli sterkare saman enten det gjeld fagleg, administrativt eller politisk. Ulempa er eit konglomerat av samarbeidsordningar som er vanskeleg å ha kontroll og oversikt på, noko som kan vera ei demokratisk utfordring.

Store avstandar er og blir eit problem for Sauda. Det er vanskeleg for ein relativt liten kommune å få gjennomslag for sine behov når det gjeld t.d. nye vegar og betre samferdselsordningar. Ein større og sterkare ny kommune kan ha større tyng mot regionale og sentrale myndigheter og dermed auka sjansane for å få til betre vegar, tunnell til Etne og liknande nødvendige tiltak for å utvikla bygda.

Innbyggjarane kjenner politikarane i ei lita bygd som Sauda og kan lett få tak i dei. Dette nære forholdet kan i neste runde gjera det vanskeleg for lokalpolitikarane å vera ugilde og behandla sakene på ein god og rettviss måte.

Både våre egne erfaringar gjennom helsesamarbeidet og større utgreiingar m.a. av Telemarksforsking viser at institusjonar som skular, barnehagar og omsorgssenter og liknande i hovudsak bør bli der dei er, medan samarbeid om administrative funksjonar, spesialiserte fagtenester m.m. med fordel kan sentraliserast og effektviserast.

6 Grensejustering mot Suldal kommune

6.1 Innleiing

Kommunane skal utgreia den nye kommunereforma og innbakt i denne bestillinga ligg og at ein skal vurdera grensejusteringar der geografiske og andre tilhøve tilseier at det er nødvendig. Hylsfjorden blir sett på som eit slikt område og er dermed tatt med i både Sauda og Suldal si utgreiing. Hylsfjorden blir i denne samanhengen definert som det området der det bur folk og ikkje inkludert området rundt Hylen. Ei nærare definert ny grense må vurderast i eit ev. samarbeid med dei to kommunane om det skulle bli aktuelt å endra grensa.

6.2 Om Hylsfjorden

Hylsfjorden har spreidd busetting og ligg i området mellom Suldal og Sauda. I staden for at grensa går midt i fjorden, så går den på land og deler området slik at Vanvik mm. høyrer til Suldal, men er landfast med Sauda. Det er kommunedelsenter i Vanvik med skule, barnehage og ungdomshus.

Det er 20 kilometer frå Vanvik til Sauda og det tek om lag 22 minutt å køyra dit. Frå Sauda til Sand, både med og utan ferje, må ein rekna ein times tid. I praksis betyr dette at innbyggjarane får sine tilbod i Suldal, men at dei ofte nyttar Sauda både til handel, som arbeidsstad og servicetilbod.

Det fins arbeidsplassar knytt til primærnæringane i Hylsfjorden. I tillegg arbeider folk i skule / barnehage og pendlar i hovudsak til Sauda, men og lenger utover og offshore. Innpendling til området er minimalt.

Vanvik / Fattnes

Per 31.12.2014 bur det 107 personar i Vanvik.

| Grunnkrets | I alt | 0-5 år | 6-15 år | 16-24 år | 25-39 år | 40-66 år | 67-79 år | 80 år og over |
|----------------|-------|--------|---------|----------|----------|----------|----------|---------------|
| Suldal kommune | 3892 | 292 | 518 | 458 | 628 | 1356 | 416 | 224 |
| Fattnes/Vanvik | 107 | 5 | 22 | 7 | 19 | 34 | 13 | 7 |



6.2 Kva vil ei grensejustering av Hylsfjorden bety

6.2.1 Økonomi

- Grensejusteringar vil gi endringar for fordeling av eigedomsskatteinntekter mellom Suldal og Sauda. Dette gjeld betydelege økonomiske beløp. I dag går omlag 15 % (om lag 3 mill.) av inntektene til Saudefaldene til Suldal kommune. Sauda får omlag 84 % og Odda 1 %. Ved ei ny grense heilt inst i fjorden står Suldal i fare for å missa desse inntektene og saka er med det gjenstand for forhandlingar mellom kommunane.
- Englands kabelen, som går frå Kvildal til Hysten og vidare ut fjorden og over til Blyth i England, blir bygd mellom 2017 og 2021. Suldal kommune har rett på både eigedomsskatt for ilandføringsanlegget/straumrettarstasjonen inst i Hylsfjorden og sjølve kabelen. Grensejustering i dette området kan med det få følgjer for inntektsfordelinga.
- Vanvik får våren 2016 fiber via kabel frå Suldalseid. Utbygginga er kostnadsrekna til om lag 5 mill. Ved ei grensejustering må det tas høgde for dette.
- Erfjord stamfisk har et oppdrettsanlegg i Hylsfjorden, men Suldal har lite inntekter på dette.

- Skatteinntektene frå innbyggjarane vil bli redusert i Suldal og auka tilsvarende i Sauda.
- Suldal vil få reduserte utgifter ved å drifta tilbod lokalt i Hylsfjorden.
- Sauda vil få litt auka rammeoverføringar frå staten og tilsvarende mindre for Suldal.
- Auka inntekter på eigedomsskatt til Sauda og tilsvarende reduksjon for Suldal.
- Mulig auka eigedomsskatt på kraft ut frå kor ev. nye grenser måtte gå.
Samfunnsøkonomisk vil det bli billigare fordi ein får reduserte utgifter til transport både for privatpersonar, men ikkje minst for dei som skal bidra med kommunale / offentlege tenester. Det gjeld t.d. renovasjon og heimetenester.

6.2.2 Tenestetilbodet

Tenestetilbodet vil bli geografisk nærare viss Hylsfjorden blir del av Sauda kommune.

Skule og barnehage

Vanvik oppvekstsenter har 18 elevar i 2014 /15. I barnehagen er det fire barn. Suldal kjøper for tida fem plasser av Sauda kommune på ungdomsskulen der. Fylkeskommunen har sett prisen på kjøp av slike plasser til omlag 93 000 i året. Ev. tilbod etter opplæringslova § 5.1. kjem i tillegg og blir betalt per time. Drift av Vanvik oppvekstsenter kjem på om lag 3 759 mill. i budsjettet for 2016.

Brannvern

Suldal brann- og redningsvesen la ned brannstasjonen i Vanvik før 2009. Det er inngått avtale om samarbeid med Sauda brann- og redningsvesen.

Helse- og omsorg

Innbyggjarane nyttar seg av fastlegar, legevakt og fysioterapeutar både i Sauda og i Suldal slik det passar dei best og som det er muligheter til.

Helsestasjon

Suldal hadde fram til 2015 avtale med Sauda kommune om helsestasjon. Avtalen er sagt opp.

Heimetenester og heildøgntilbod / sjukeheim

Tilbodet er i Suldal.

Handel og servicetilbod

Sauda er nærast og blir dermed mest naturleg.

Kva ynskjer innbyggjarane i Hylsfjorden?


Dei ynskjer enkelt og greitt å ha det slik som før, altså vera del av Suldal kommune.

6.2.3 Oppsummering

Når ein ser på geografi og samferdsle er det mest naturleg at Hylsfjorden blir ein del av Sauda kommune. Innbyggjarane nyttar mange av service og tenestetilboda i Sauda i dag og på grunn av dei store avstandane til Suldal er det truleg at dei vil gjera det i åra framover og. Mange arbeider også i Sauda. Samstundes er røtene og identiteten til mange av innbyggjarane festa meir i Suldal enn i Sauda og bidrar nok til at dei fleste fortsatt vil høyra til i Suldal kommune. I tillegg opplever mange av innbyggjarane i Hylsfjorden at Suldal kommune har tatt godt vare på dei noko som og bidrar til at dei framleis vil vera suldlar.

Det vil få økonomiske verknader for begge kommunane med ei grensejustering i dette området.

7 Samla vurdering av Sauda som eigen kommune



7.1 Innleiing

Kapittel 7 gir ei samla vurdering av Sauda som fortsatt eigen kommune og kva for muligheter og utfordringar det kan gi sett opp imot ein ny og større kommune. Drøftinga tek utgangspunkt i kommunen si rolle som samfunnsutviklar, tenesteytar / utøvar av mynde og lokaldemokratisk arena. Regjeringa ber kommunane vurdere kommuneinndelinga i lys av kommunen sine hovudroller og ekspertutvalet sine kriterier for kommunesektoren og me drøftar nedanfor potensialet Sauda kan ha i lys av ekspertutvalet sine kriterier for kommunestrukturen.

7.2 Ekspertutvalet sine kriterier

Utvalet tilrår ti kriterier som er retta mot kommunane, og to kriterier som er retta mot staten. Kriteria viser kva som skal til for at ein kommune på ein god måte skal kunna ivareta sine fire roller og oppgåveløysninga knytt til desse. Kriteriene tek vare på samfunnsmessige omsyn som kan strekka seg ut over den enkelte kommunegrense, og tilrådingar som grunnlag for å vurdere kommunane si oppgåveløysning i dag og for å vurdere ein framtidig kommunestruktur. Utvalet sette opp følgende kriterier for kommunane:

(https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/KMD/KOMM/kommunereform.no/Kriterier_for_god_kommunestruktur.pdf)

1. Tilstrekkeleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstrekkeleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring

10. Lokal identitet

I tillegg sette utvalet opp to kriterier retta mot staten; at staten må sørge for ei brei kommunal oppgåveportefølje og statleg rammestyring. Utvalet sine kriterier og kva for samfunnsomsyn som bør ivaretas av kommunane er skissert slik:

| Samfunnsmessige hensyn | Kriterier |
|--|--|
| TJENESTEYTING | |
| Kvalitet i tjenestene Effektiv bruk av samfunnets ressurser Likeverdighet | Tilstrekkelig kapasitet Relevant kompetanse Effektiv tjenesteproduksjon Økonomisk soliditet Valgfrihet Statlig rammestyring |
| MYNDIGHETSUTØVELSE | |
| Rettssikkerhet | Tilstrekkelig kapasitet Relevant kompetanse Tilstrekkelig distanse |
| SAMFUNNSUTVIKLING | |
| Helhetlig ivaretagelse av areal- og transportinteresser tilpasset klima- og miljøhensyn Tilrettelegging for positiv utvikling i lokalsamfunnet og storsamfunnet | Funksjonelle samfunnsutviklingsområder Tilstrekkelig kapasitet Relevant kompetanse |
| DEMOKRATISK ARENA | |
| Betydningsfulle oppgaver og rammestyring Lokal politisk styring Levende lokalt folkestyre Aktiv lokal politisk arena | Høy politisk deltakelse Lokal politisk styring Lokal identitet Bred oppgaveportefølje Statlig rammestyring |

7.3 Tenesteprodusent

Tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse

«Ekspertutvalget mener kommunene må ha en tilstrekkelig kapasitet både faglig og administrativt for å kunne løse oppgavene på en effektiv og god måte. Tilstrekkelig kapasitet henger nært sammen med tilgang til relevant kompetanse. Å få én stilling med god fagkompetanse vil ikke gi grunnlaget for et godt fagmiljø. Til det trenger man også kapasitet til å behandle en viss mengde saker, ha god kontroll og oversikt, og til å utvikle fagområdene. I tillegg til tilstrekkelig kapasitet, er også relevant

kompetanse avgjørende for å sikre sterke fagmiljøer og en god administrasjon. Dette innebærer også at det må være en bredde i kompetansen.»

Problem knytt til kapasitet, spesialisering og rekruttering kan gjera små kommunar meir sårbare enn større kommunar. Sauda kommune opplever i varierende grad å ha kompetansemessige utfordringar. Leiarane peikar likevel på at dei har dyktige tilsette innanfor dei aller fleste fagområda. Tenestetilbodet til spesielle målgrupper er ei utfordring. Det går både på størrelse (grunnlag for effektive einingar), kompetanse og størrelse på fagmiljø. Døme på aktuelle målgrupper der det er behov for ytterlegare samarbeid er demente med store adferdsavvik, kommunal øyeblikkelig hjelp døgntilbod, multifunksjonshemma, elevar / barn med spesielle utfordringar, flyktingar og menneske med psykiske helse- og rusproblem.

Ein ser ikkje at Sauda som eigen kommune vil ha potensial til å gjennomføra forsøk eller overta ansvaret for vidaregåande opplæring, statleg barnevern frå Bufetat og øvrige oppgåver som Stortinget vil leggja til større kommunar. Ekspertutvalet si norm på dette området er 15-20 000 innbyggjarar.

Vurderingar av det framtidige behovet for pleie og omsorg viser at Sauda vil ha store utfordringar med å klara å møte dette behovet. Auken heng saman med at det blir fleire eldre i kommunen. Dersom tenestene blir tilbydt som i dag, vil behovet for bemanning, seniorvennlege bustader, sjukeheimsplasser og utgiftene innanfor dei aktuelle tenesteområda auka i takt med det berekna behovet. Samarbeid med andre om velferdsteknologi og kommunal øyeblikkelig hjelp døgntilbod er gode døme på at kommunane i dag ser eit behov for samarbeid for å møte desse utfordringane.

Effektiv tenesteproduksjon

«Ekspertutvalget mener større kommuner vil leggje bedre til rette for økt rammestyling fra statens side og dermed økt mulighet for å tilpasse tjenestetilbudet til lokale forhold. Større kommuner kan gi bedre utnyttelse av potensielle stordriftsfordeler. Bosettingsmønsteret i kommunen og hensynet til innbyggernes ønske om nærhet til tjenestene kan gjøre det vanskelig å hente ut stordriftsfordeler på alle tjenester i kommunen. Men det vil trolig være effektiviseringsgevinster på enkelte områder – slik som i den overordnede styringen og planleggingen i sektoren.»

Tilstrekkeleg storleik til å drifta sterke og gode tenestetilbod blir framheva som viktig. Dette er ofte ein heilt sentral føresetnad for å kunna sikra ein effektiv tenesteproduksjon.

Sauda som eigen kommune i framtida vil i all hovudsak ha dei same utfordringane med små og sårbare fagmiljø som i dag. Ein større kommune vil kunna gi ei betre utnytting og potensielle stordriftsfordeler på områder som kommunane i dag samarbeider om, eller planlegg samarbeid om interkommunalt for å oppnå. T.d. vil Sauda ikkje klara å ha barnevernsvakt utan samarbeid / samanslåing med andre.

Stadbundne tenester som barnehagar, skular og pleie- og omsorgstenester vil kunna drivast som før om Sauda fortsatt er ein kommune. Innanfor andre områder kan det ligga til rette for meir samarbeid og koordinering / planlegging av tilbod enn det er i dag. Innanfor kulturområdet kan ein til dømes samordna leiging / administrasjon samtidig som ein beheld dei lokale tilboda.

For regionale samarbeidspartar som Høgskulen Stord-Haugesund, Bufetat Region Vest, NAV Rogaland og helseføretaket vil dialogen og kontakten med kommunane kunna forenklast samanlikna med i dag. Samtidig vil ein ny og større kommune bli ein meir likeverdige part i samarbeidet, med sterkare fagmiljø og større politisk kraft. Innbyggjarane si tilhøyrse til sjukehuset vil nødvendigvis ikkje bli endra, men ei samanslåing kan få konsekvensar for samhandlingsavtalane mellom kommunane og sjukehuset kommunen i dag samhandlar med.

Økonomisk soliditet

«Ekspertutvalget mener at en viktig forutsetning for at kommunene skal kunne tilby sine innbyggere gode velferdstjenester er at kommunene har god kontroll på økonomien og kan håndtere uforutsette hendelser. Kommuner med sunn økonomi, som sørger for å ha et økonomisk handlingsrom, kan i større grad håndtere uforutsette hendelser uten at det får direkte konsekvenser for tjenestetilbudet til innbyggerne. Små kommuner er mer sårbare enn større kommuner i slike situasjoner, fordi de har et mindre budsjett å omdisponere innenfor.»

Netto driftsresultat er den økonomiske indikatoren som kommunar ofte styrer etter. Tilrådd nivå for å sikra økonomisk handlefridom er 1,75 %. Kostratal for 2014 viser at Sauda hadde eit netto driftsresultat på 3,0 % og med det var innanfor den tilrådde norma.

Når det gjeld driftsinntekter per innbyggjar ligg Sauda på kr 101 000. Kommunen har dermed eit godt økonomisk utgangspunkt. Viss Sauda vel å gå vidare som eigen kommune vil dei mista heile eller deler av basistilskotet på i overkant av 13 millionar kroner og dermed svekka kommuneøkonomien. Nytt inntektssystem kjem våren 2016 og vil visa konkret kva konsekvensar ei samanslåing med andre kommunar vil medføra. Meir om nytt inntektssystem i VESS-utgreiinga.

Ei kommunesamanslåing vil kunna gi stordriftsfordeler innan administrasjon og desse midlane vil kunna disponerast til andre formål. Erfaringsmessig vil det vera gevinstar også innan tenesteyting spesielt sidan det interkommunale samarbeidet i regionen er relativt lite utvikla og fordi det er få stordriftsfordeler som er tatt ut per i dag. Desse gevinstane vil Sauda gå glipp av om dei fortsatt blir eigen kommune.

Valfridom *«Ekspertutvalget mener innbyggerne i større grad vil kreve flere valgalternativer innenfor tjenestene. Større kommuner kan tilby en større bredde i tilbudet til sine innbyggere, som vil være vanskelig å tilby i små kommuner.»*

Ein ny og større kommune kan gi potensial for meir valfridom for innbyggerane. Ein større kommune vil kunna tilby eit meir differensiert tilbod og dermed fleire valmuligheter for brukarane av kommunale tenester. T.d. kan det vera val av kommunal bustad eller sjukeheims plass nær der ein har familie og ikkje i den kommunen ein bur i.

7.4 Utøving av mynde

«Ved siden av krav til kompetanse og kapasitet (omtalt ovenfor) mener ekspertutvalget at kommunene må ha en slik størrelse at det er tilstrekkelig distanse mellom saksbehandler og innbyggerne. Dette for å sikre likebehandling og at det ikke tas utenforliggende hensyn i myndighetsutøvelsen, samt at innbyggerne sikres de rettigheter de har etter loven. I tillegg skal habilitetsreglene sikre tilliten til kommunene og beskytte den enkelte saksbehandler mot utidig press.»

Større avstand mellom innbyggjar og kommunen som utøvar av mynde kan vera ein fordel av habilitetsmessige årsaker. Sauda har ein slik størrelse at det ikkje alltid er ein slik tilstrekkelig distanse mellom saksbehandlar i kommunen og innbyggerane. Det kan derfor oppstå habilitetsproblematikk ved behandling av enkeltsaker t.d. innanfor barnevernet, sosialtenesta eller i byggesaker.

På den andre sida kan storkommunar medføra større avstand og «opplevd distanse» mellom innbyggerane og administrasjonen. Større avstand kan svekka administrasjonen sin kunnskap om lokale forhold i dei ulike delane av den nye storkommunen.

7.5 Samfunnsutvikling

Funksjonelle samfunnsutviklingsområder

«I følge ekspertutvalget må kommunene ha en inndeling som er mest mulig funksjonell for de områder det er nødvendig å se i sammenheng for å sikre helhetlige løsninger, særlig på areal- og transportområdet. De siste tiårene har det vært en vedvarende regional integrasjon gjennom pendling og tettstedsutvikling, slik at kommunene i stadig mindre grad utgjør en funksjonell enhet. Denne utviklingen vil fortsette. Særlig i byområder gjør behovet for mer funksjonelle samfunnsutviklingsområder at kommunene bør vurdere sammenslåing. Erfaring tilsier at kommunene hver for seg har sterke insentiver for å ivareta egne behov og at de felles løsningene ikke blir optimale, verken i planleggingen eller i implementeringen av planene. I mindre sentrale strøk vil kriterier som kapasitet og kompetanse om samfunnsutvikling være viktigere når kommunesammenslåing skal vurderes.»

Sauda er ikkje del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion, men det er ein del pendling til og frå bygda. Ein ny og større kommune kan i større grad leggja til rette for ei samordna mobilisering av utviklings- og plankompetanse for å påverke utviklinga i heile regionen. Eit felles kommunestyre med ein felles fagadministrasjon kan sjå tettstader og areal i samanheng, med sikte på tilrettelegging for bustadar, næringsareal, jordbruk, grøntområde, kultur og idrett, tettstadsutvikling og infrastruktur. En samanslutning kan motverke lokal konkurranse, og leggje grunnlag for at dei ulike stadane og kvalitetane i utgreiingsregionen utfyller kvarandre. Ein kommune vil gi likearta saksbehandling og regelpraktisering og like rammevilkår for næringsverksemd.

Samfunnsutvikling – kompetanse og kapasitet

«I følge ekspertutvalget må kommunene ha en tilstrekkelig kapasitet både faglig og administrativt for å kunne løse oppgavene på en effektiv og god måte. Tilstrekkelig kapasitet henger nært sammen med tilgang til relevant kompetanse. Å få én stilling med god fagkompetanse vil ikke gi grunnlaget for et godt fagmiljø. Til det trenger man også kapasitet til å behandle en viss mengde saker, ha god kontroll og oversikt, og til å utvikle fagområdene. I tillegg til tilstrekkelig kapasitet, er også relevant kompetanse avgjørende for å sikre sterke fagmiljøer og en god administrasjon. Dette innebærer også at det må være en bredde i kompetansen. Manglende kapasitet og kompetanse er også fremhevet som utfordringer for at kommunen skal ivareta sine roller som samfunnsutvikler og myndighetsutvikler. Innenfor kommunens rolle som demokratisk arena kan en kommunal administrasjon med kompetanse og kapasitet til å utarbeide gode beslutningsgrunnlag for de folkevalgte bedre den politiske styringen og utnytte det lokalpolitiske handlingsrommet. Av hensyn til lokaldemokratisk styring er det avgjørende at kommunen selv kan sikre tilstrekkelig kapasitet og kompetanse og ikke er avhengig av samarbeid eller hjelp fra andre.»

Sauda har til dels grunnleggande kapasitet, kompetanse og fagmiljø for å ivareta samfunnsutviklings- og planoppgåvene. Ein ny og større kommune vil likevel ha potensial til å utvikla større fagmiljø på fleire område, redusera sårbarhet og ivareta spesialkompetanse. Ein større kommune kan også styrka kommunen sin attraktivitet som arbeidsgivar og leggja føresetnadar for breiare utviklingsmiljø. Styrka fagmiljø vil også kunna støtta opp om politikarane sin mulighet til å setta saker på dagsorden ovanfor omverda og kapasitet til å utvikla seg og arbeida med nye satsings- og oppgåveområde og / eller nye arbeidsformer.

7.6 Lokalpolitisk arena

Politisk deltaking

«I følge ekspertutvalget er det viktig å ha et aktivt lokaldemokrati med valgmuligheter både i forbindelse med stemmegivningen og at innbyggerne har mulighet til å få sin stemme hørt mellom valgene. Større kommuner legger i dag i større grad til rette for deltakelse mellom valgene, og de har oftere ulike former for medvirkningsorgan. På noen indikatorer scorer de minste kommunene høyest – valgdeltakelsen ved lokalvalg er størst i de minste kommunene og flere innbyggere i små kommuner har vært i kontakt med ordfører enn i større kommuner. Men analyser viser at for noen av disse indikatorene har resultatet mer å gjøre med kjennetegn ved innbyggerne enn at kommunen er liten.»

Sauda som eigen kommune vil langt på veg kunna fortsetja den tradisjonen som er når det gjeld politisk deltaking. Det er grunn til å tru at rekruttering til politiske verv og valdeltaking ikkje vil bli grunnleggjande endra frå i dag.

I ein ny og større kommune ville dei kommunale partiorganisasjonane sin geografiske horisont bli endra. I programarbeid og andre partiaktiviteter må dei fanga opp heile den nye kommunen. Det vil vera partia si oppgåve i nominasjonsprosessane å bidra til geografisk representasjon frå ulike deler av ein ny kommune. Tidlegare erfaringar viser at partia har lagt vekt på å tenka på heile kommunen når dei har utarbeidd vallistene for dei nye kommunane. I den samanheng skal det nemnast at det nye kommunestyret sin størrelse har betydning for muligheten for brei geografisk representasjon.

Dersom fleire oppgåver blir lagt til kommunen, kan det også auka interessa for lokaldemokratiet både blant veljarar og politiske kandidatar.

Politisk deltaking handlar også om å framføra innbyggerane og næringslivet sine interesser. Ein større kommune kan i kraft av størrelse, innbyggerar og ressursgrunnlag få større regional gjennomslagskraft til å påverka og arbeida for regionens og dei ulike kommunedelane sine felles interesser ovanfor t.d. statlege og fylkeskommunale myndigheter og private aktørar. Ein ny kommune kan også bidra til å sameina dei nåverande kommunane sine felles interesser og perspektiv ovanfor omverda. Auka påverknadskraft og ein meir innflytelsesrik kommune kan styrka interessa og engasjementet for lokalpolitikken.

Lokal politisk styring

«I følge ekspertutvalget er det avgjørende for lokal politisk styring at den kommunale administrasjonen har nødvendig kompetanse og kapasitet til å utarbeide gode beslutningsgrunnlag for de folkevalgte. Kommunene bør ha mulighet for en hensiktsmessig lokal organisering og prioritering, og ikke være nødt til å organisere sin tjenesteproduksjon i interkommunale ordninger for å levere lovpålagte velferdstjenester.»

Viss Sauda fortset som eigen kommune med nokolunde lik ressurstilgang og kompetanse som i dag vil det vera behov for interkommunalt samarbeid på mange område. Det kan ha ein demokratisk verdi at flest mulig oppgåver blir ivaretatt av ein kommune i eigen regi fordi oppgåveløysing gjennom interkommunalt samarbeid inneber indirekte demokrati, og dermed svekka mulighet for innbyggerane til å påverka oppgåveløysinga gjennom sine valde representantar. Politikarane i dei styrande samarbeidsorgana er ikkje direkte valt til å prioritera oppgåver for innbyggerar i nabokommunar. Interkommunalt samarbeid kan også redusera mulighetene dei folkevalde har til å sjå fleire oppgåver i samanheng, og svekka innbyggerane sine muligheter til å følgja med på kva for avgjerder som blir treft kor.

Lokal identitet

«Det er etter ekspertutvalgets vurdering to dimensjoner som spiller inn på dette området, og som kommunene bør vurdere i spørsmålet om sammenslåing: opplevd tilknytning til et område og felles identitet med andre områder. Antakelsen om at noe av dagens nærhet vil forsvinne ved større kommuner, enten det gjelder til kommunehuset, lokalpolitikkerne eller tjenester, vil med stor sannsynlighet bli opplevd som problematisk og utfordrende av de berørte innbyggerne. En slik opplevelse vil kunne bli forsterket dersom dagens politiske og administrative system ikke tilpasses nye forutsetninger. Resultatet vil kunne bli et svekket lokalt demokrati. Utvalget tar også som utgangspunkt at det vil være lettere å gjennomføre sammenslåinger med kommuner som i stor grad opplever å ha interkommunal identitet, enn mellom kommuner som ikke har det.»

Sauda er langt på veg den same kommunen geografisk som i 1837. Saudabuen har sin eigen trygge identitet og p.g.a. lang avstand til nabobygder har det i lita grad vore felles bu- og arbeidsmarknad. Sauda har sin eigen dialekt og si eiga lokalavis og er prega av industri og småbykultur. I tillegg kan folk også kjenna identitet knytt til Haugalandet eller Ryfylke.

